

## Stensby, Trond

---

**Frå:** Dalen, Bjørn

**Send:** 22. juli 2010 14:26

**Til:** Fylkesmannen i Møte og Romsdal; Direktoratet for naturforvaltning; Fylkesmannen i Oppland ; Granum Knut; Per Olav Haugen; Thomas Rødstøl; Stensby, Trond; Aaboen Stig

**Emne:** Reinheimen nasjonalpark - søknad om bruk av båtmotor - Marvin Banken - nr.40983

Det er gjort vedtak i forvaltningssak som vedkjem Reinheimen nasjonalpark i Skjåk kommune,delegasjonssak 71/10. Vi viser til vedlagde sak.

Med helsing

Bjørn Dalen tlf. 61217025

---

Marvin Banken

2693 NORDBERG

## Delegert vedtak 71/10

**Vår ref**  
2009/1071/78/N08

**Dykkar ref:**

**Saksbehandlar**  
Bjørn Dalen

**Dato**  
22.07.2010

bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

### **Saka gjeld: Reinheimen nasjonalpark - søknad om bruk av påhengsmotor på Torsvatnet-Marvin Banken**

#### **Saka gjeld: Søknad om bruk av båt med motor på Torsvatnet**

Det blir søkt om følgjande:  
20/7-2010.

Søker om bruk av påhengsmotor på Torsvatnet for 2010 og 5 år.  
Marvin Banken

#### **Vurdering**

Det blir søkt om løyve til å bruke motorbåt på 1 vatn i Reinheimen nasjonalpark, Torsvatnet. Torsvatnet ligg i eit høgfjellsområde c.a. 1300 m.o.h. I vernereglane for nasjonalparken §3 punkt 3.2.a) er det gjeve løyve til fiske etter lakse- og innlandsfiskelova. Innsjøen er 7,5 km lang og for å kunne nytte heile vatnet til fiske på ei natt er det nødvendig med bruk av motor. Det er lite andefuglar ved vatnet. Turistforeiningsstigen mellom Pyttbya og Torsbu går langs austsida av vatnet.

Når det gjeld forholdet til motorferdsellova er det heimel for bruk av motor på Torsvatnet i lokal forskrift, med inntil ein storleik på 9,9 hestar.

Sidan Torsvatnet ligg i Reinheimen nasjonalpark må det i følgje verneforskrifta for parken liggje føre ei vurdering med vedtak frå forvaltningsmyndet før båt med motor kan brukast.

I verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark heiter det mellom anna:

## 6. Motorferdsel

### 6.1. Forbud mot motorferdsel

Motorferdsel på land og på vatn, og bruk av luftfartøy lågare enn 300 meter over bakken, er forbode.

### 6.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

g) Bruk av båt med motor på Torsvatnet i samband med fiske og transport i samband med jakt.

Ut ifrå dei gjeldande reglane har forvaltningsmynde høve til å gje løyve til bruk av båt med motor, jfr. forskrifta. I Torsvatnet er tradisjonar for fiske attende til ca 1870. Det er 3-4 båtlag som fisker der kvart år. Ut ifrå ei vurdering av påverknad på verneverdiane opp imot behovet for å nytte motor på båt i samband med fiske, meiner forvaltningsmyndet at storleiken på vatnet og vindtilhøve er gode grunnar for å gje eit slikt løyve. Ein ser ikkje at dette vil gå utover verneverdiane dersom ein viser aktsemnd.

### **Miljø- og næringsutvalget sitt vedtak:**

Miljø- og næringsutvalget vedtek å gje Marvin Banken, 2693 Nordberg, løyve til å nytte båt med motor på Torsvatnet i Reinheimen nasjonalpark. Løyvet gjeld i samband med fiske .

Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark dagsett 24.november 2006, § 3, punkt 6.3, bokstav g).

### **Vilkår:**

1. Løyvet gjeld for 5 år frå og med 2010.
2. Løyvet gjeld for fiske etter gjeldande reglar for vatnet.

Med helsing  
Bjørn Dalen

### **Kopi til:**

Ottadalen villreinutval v/Knut Granum 2690 SKJÅK  
Møre og Romsdal fylke 6404 MOLDE  
Statens naturoppsyn 2686 LOM  
Fylkesmannen i Oppland Serviceboks 2626 LILLEHAMMER  
Direktoratet for naturforvaltning 7485 TRONDHEIM  
Kontaktutvalet for Reinheimen 2665 LESJA